



NATURVERNFORBUNDET HORDALAND
Jakobsfjorden 4. etg.
5003 BERGEN

Dato: 25.04.2017
Vår ref.: 2017/241-81
Saksbehandlar: talhals
Dykkar ref.:

Att. Silje Østerbø

Tilskot til lokale miljø- og klimatiltak – Tilsegn om kr 50 000,- til «Ta vare på det du har»

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot til lokale klima- og miljøtiltak dagsett 15.02.2017. De søkte om kr. 50.000,- Det er med glede vi kan melde at Hordaland fylkeskommune løyver kr 50.000,- til Naturvernforbundet Hordaland frå budsjettet for Klimaplan for Hordaland – handlingsprogram for 2017.

Beløpet blir overført til kontonummer: **9013 05 39377**

1. PROSJEKTGRUNNLAG

Ut frå formuleringane i prosjektsøknaden, legg vi til grunn desse momenta:

Overordna mål:

«Pilotprosjektet skal gi unge erfaring med å reparere sitt eget ødelagte elektroniske utstyr fremfor å kaste å kjøpe nytt.»

Enkel skildring av prosjektet:

«Samarbeid med reparatørene:

1. finne og kontakte lokale reparatører og fikserte innen elektronikkfeltet.
2. invitere til samarbeid om reparasjonskurs og synliggjøre på nettsider.

Skape gode møteplasser:

1. planlegge og arrangere reparasjonskurs knyttet til elektronisk avfall i to-tre klasser på ungdomstrinnet eller videregående i samarbeid med Natur og Ungdom og reparatører.
2. skape engasjement om prosjektet og samarbeide med frivillige.

Vise frem håndverket:

1. gjøre reparasjon av elektronisk avfall synlig gjennom egen informasjon og kontakt med media.
2. gjøre flere elever oppmerksomme på verdiene av reparasjon og håndverk.»

2. PROSJEKTORGANISERING:

Kontaktperson: Silje Østerbø

3. VILKÅR FOR TILSKOTET

- Tilsegnsinntakar må signere vedlagt akseptskjema og sende til fylkeskommunen innan 3 veker.
- Tilsegnsinntakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Rapportering

Så snart prosjektet er avslutta **skal** tilsegnsinntakar sende sluttrapport til Hordaland fylkeskommune.

Utbetaling

Tilskotet blir utbetalt når signert akseptskjema er motteke.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

Klage/innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de fekk melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar seg til. Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

4. KONTAKTPERSON

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for søknaden er Tale Halsør, tlf. 922 066 75 eller e-post: tale.halsor@hfk.no

Hordaland fylkeskommune ynskjer lykke til med gjennomføringa av prosjektet!

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Sølve Sondbø
Klima- og naturressurssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Anne-Grethe Stenhjem

Vedlegg

- 1 Akseptskjema
- 2 Sluttrekneskapsskjema